

Særutskrift

for

Giske kyrkjelege fellesråd

Tid: 22. oktober 2014

Giske kyrkjelege fellesråd har i møte den 22. oktober 2014 hatt følgende sak til behandling:

31/2014 Høyrings sak, Staten og DNK - et tydelig skille

VEDTAK

Høyringsuttale frå Giske kyrkjelege fellesråd «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille»

Høyringsfrist 1. november 2014.

Giske kyrkjelege fellesråd(heretter Fellesrådet) har sett på høyringsuttale frå Kulturdepartementet med stor interesse. Høyringa er eit godt utarbeida dokument som vi har følgjande kommentarar til:

Overføring av prestane til eit nasjonalt rettssubjekt

I kapittel 3 i høyringsnotatet vert det gjort framlegg om oppretting av eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja. Vidare blir det gjort klart at dei nasjonale og regionale kyrkjelege organ som i dag er underlagt staten, skal overførast til dette rettssubjektet. Dette gjeld Kyrkjemøtet, Kyrkjerådet, Bispedømmeråda og Bispemøtet. Det blir gjort framlegg om at dette rettssubjektet skal ha Kyrkjemøtet som øvste organ og at arbeidsgjevaransvaret for prestenesta og administrasjonen ved dei nasjonale og regionale råda skal underleggast dette organet.

Fellesrådet meiner det er rett at det blir oppretta eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja, og framlegget er i samsvar med Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013. Kyrkjemøtet vedtok også den gongen at ei slik overføring av prestenesta til eit nasjonalt rettssubjekt «ikkje endelig fastlegger hvor arbeidsgiveransvaret i en fremtidig kirkeordning skal plasseres. Kirkemøtet fastholder målsetting i tidligere kirkemøtevedtak om felles arbeidsgiveransvar i en framtidig kirkeordning.»

Fellesrådet er i tvil om overføring av prestenesta til det nasjonale rettssubjektet i lengda vil vere ei god løysing for kyrkja. Med denne løysinga vil ikkje kyrkja oppnå sitt vedtekne mål om å få ei arbeidsgivarline. Med denne endringa vil dette målet bli fjernare enn nokon gong, på tross av Kyrkjemøtet sitt optimistiske vedtak om at dette ikkje skal vere ei endeleg ordning. Dette er det tre gode grunnar til.

For det første så er dei fleste klar over at arbeidsgjevaransvar og personalansvar er vanskeleg og ressurskrevjande arbeid som det treng lang tid å byggje opp og som krev langsiktige mål. Det vil derfor vere bortkasta pengar å overføre prestenesta til eit nasjonalt rettssubjekt som ei «førebeles» ordning, for så å skulle i gong med nok ei omorganisering med påfølgjande overføring av prestenesta til ei anna struktur/ordning, med dertil tilhøyrande behov for nye strukturar, reglement og rutinar.

For det andre vil det òg vere svært urealistisk at ei slik omorganisering faktisk vil skje, sidan det har vist seg umulig for kyrkja i løpet av tiår på tiår med utval og utgreingar å einast om ein slik struktur. Det er derimot svært sannsynleg at ei slik tiltenkt førebels overføring av

prestetenesta til eit nasjonalt rettssubjekt for kyrkja blir der dei kjem ti å bli verande, og at kyrkja ikkje vil oppnå sitt vedtak om felles arbeidsgjevaransvar for sine tilsette.

For det tredje er det ei kjennsgjering at strukturendringar kostar pengar. Med ein sjølvstendig økonomi i framtida og utan høve til å kunne betale for det, vil kyrkja ikkje ha råd til nok ei omorganisering for å skape felles arbeidsgjevarlinje. Det er no kyrkja har høve til å gjennomføre sitt ynskje om felles arbeidsgjevaransvar, ikkje seinare.

Lovfesting av tenesta til prest, prost og biskop

I høyringa i kapittel 5 gjer departementet følgjande framlegg til lovfesting: « Hvert sokn skal være betjent av en prest, hvert prosti av en prost og hvert bispedømme av biskop.» Fordelen med denne formuleringa er at den lovfestar den kyrkjelege karakteren til kyrkja. Den sikrar at kyrkja held fram med å være til stades både lokalt og regionalt.

Det er eit problem med denne formuleringa og det gjeld tilskot til denne ordninga. Det går fram av høyringsframlegget at den framtidige statlege finansieringa av det nasjonale rettssubjektet vil endre karakter frå «utgift» til «tilskot». Denne endringa vil innebere at tilskotet som kyrkja får vil vere underlagt budsjettforhandlingar i Stortinget på same måte som andre tilskot staten gjev. Dette er ulikt dagens ordning, der staten som arbeidsgjevar har ansvar for å dekkje dei utgiftene den har med å vere arbeidsgjevar for prestane. Dermed vil kyrkja ikkje ha nokon garanti for at utgiftene den har til preste,-proste,-og bispetenesta vil kunne dekkjast av det årlege tilskotet frå staten. Dette kan føre til at kyrkja har ei landsdekkjande presteteneste med ei viss organisering, men ikkje har råd til å drifte denne. I høyring blir det varsla ei fase to i omstruktureringa, der det vert sagt at ein vil vurdere å gå over til medlemsfinansiering i staden for statleg finansiering. Det høyrer rart ut at staten kan vedta i lov at det skal vere prest, prost og biskop i sokna, men at dei ikkje er bundne til å sørge for finansieringa som trengs for å utføre dette oppdraget.

Giske kyrkjelege fellestråd

TV